



Hordaland fylkeskommune

Vår ref. 16/562- 7
Jp.id. 17/9245

Saksh. Helga Helleland
Tlf. 53671554

Arkiv
N - 101.2

Dato
20.10.2017

2017/4336 Høyringsuttale frå Ullensvang herad Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP Hordaland

Ullensvang formannskap har handsama saka i møtet den 16. oktober 2017, og gav ordførar og rådmann fullmakt til å gje uttale til Investeringsprogram RTP 2018-2029:

«Ullensvang formannskap merkar seg investeringsprogrammet og stør opp om prioriterte tiltak i Ullensvang herad og er sær s glad for at det er løyvd midlar til forsterking av «Kråkevikparsellen» på FV550 i 2018 og 2019.

Formannskapet vil i tillegg melda inn fylgjande fylkesvegar som er viktige for Ullensvang til investeringsprogrammet:

- FV108 frå Kinsarvik til Huse – bygging av gang- og sykkelveg/omlegging vegtrase
- FV550 Utne-Jondal – utbetring bereevne og kurvatur
- Ferjesambandet Utne-Kvanndal er eit fylkesvegprosjekt, og det er viktig at det nye anbodet tek omsyn til nytt materiell med kapasitet og frekvens som i dag. Det er pr i dag attståande bilar ved fleire avgangar.

Ullensvang formannskap stør elles opp om Hardangerrådet sin uttale.

Me ber Hordaland fylkeskommune om å retta opp tabellen på s. 49, då FV550 Aga-Kråkevik ligg i Ullensvang herad, ikkje i Odda kommune.»

Med helsing
Ullensvang herad

Helga Helleland
Kommunalsjef Teknisk

Kopi til arkiv og kopibok